

RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

ÅRSMELDING OM ARBEIDET I RMF I 2016

I møte i kommunestyret 09.09.15, sak 64 vedtok kommunestyret å avvikle Fellesrådet, og Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vart etablerte.

RMF sine medlemmer 2016 m/personlege varamedlemmer vart vald for 4 år av kommunestyret 25.11.2015.

Medlemmer		Personlege varamedlemmer
Anne-Berit Kolås	SAFO	1. Tore Eugen Hansen 2. Reidun Grønhaug
Åshild Aamli	NFU	1. Arvid Sakseide 2. Elise Bastesen Dale
Anne Marie Skurtveit	LHL	1. Anne Britt Hopland 2. Gunn Krokeide
Beate Eknes	ULK	1. Leif Johnsen 2. Thomas Wallen
Henriette Fennelly	UDU	1. Magnar Hellen 2. Bente Sagstad

Første møtet i RMF var 09.12.15. På dette møtet vart Anne-Berit Kolås vald som leiar og Åshild Aamli vald som nestleiar.

I 2015 hadde RMF 1 møte og i 2016 7 møte.

RMF har handsama 37 saker i tillegg til godkjenning av innkalling/sakliste, møtebok, skriv og meldingar og aktuelle saker:

Plansaker fellesrådet har fått til uttale:

1. Varsel om oppstart detaljregulering for Mjåtveitstø

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne meiner det er viktig å sikre at kommuneplanens krav om at 50% av nye bustader skal ha universell utforming blir oppfylt. RMF peiker også på viktigheten av gang og sykkelveier blir utforma i tråd med plan- og bygningslovens krav om universell utforming også i forhold til stigning og veidekke.

2. Varsel om oppstart av detaljregulering for Langeland

Rådet forutsetter at kravene om universell utforming i plan- og bygningsloven blir fulgt når det gjelder tilkomst og uteområdet.

3. Områdeplan for Rylandshøgda

Rådet ønskjer å bli informert om det vidare arbeidet. Rådet forutset at alle involverte tar omsyn til universell utforming, og sikrar tilgjenge for alle i dei ulike prosjekta.

4. Reguleringsplan Holme forretningsområde – Offentleg ettersyn og høyring

Rådet ønskjer å påpeike at det framlagte forslag til gangveissystem virkar lite hensiktsmessig. Rådet meiner overgang må være på gateplan med brukarstyrt lyssignal.

Saker RMF har fått til uttale:

5. Framlegg til budsjett 2016

Rådet peikar på:

- Rådet ber om få synleggjort kva midlar som blir brukt i pleie- og omsorgstenestene for innbyggjarar under 67 år.
- Rådet ber om å få synleggjort kva midlar som blir brukte til spesialpedagogiske tiltak i barnehage og skule.
- Rådet ber om å bli involvert tidleg i prosessen når det gjeld byggeprosjekt i investeringsbudsjettet

6. Høyringsnotat om råd i kommunar og fylkeskommunar for ungdom, eldre og personar med nedsett funksjonsevne

Rådet søttar fremlegget i høyringsnotatet.

7. Høyring av språk- og leseplan for barnehagar og skular i Meland kommune

RMF ber om at språk- og leseplan for barnehagar og skular i Meland kommune vert meir tydelig slik at det ikkje oppstår usikkerhet om kva som er meint i planen.

8. Barnehageplan 2016-2020

RMF har ingen merknader.

9. Kartlegging og verdisetting av friluftsområde i Meland

Meldingane vert teken til orientering

10. Status kommunestruktur

RMF forutsetter alle råd i Meland vert involvert i det vidare arbeidet.

11. Økonomiplan 2017-2020

Viktig at det blir budsjettert med tilstrekkelig midler til å ivareta barn og unge, og at menneske med nedsett funksjonsevne får tilbod frå pleie og omsorg slik at dei kan oppretthalde livskvalitet.

12. Tilstandsrapport grunnskolen i Meland 2015-2016

Rådet peiker på viktigheten av at tilbudet til elever som treng spesialundervisning ikkje vert redusert.

13. Framlegg til budsjett 2017

Rådet ber om oppfølgingsinformasjon med tanke på tiltak for mennesker med nedsett funksjonsevne og om spesialundervisning.

Val:

14. Val av medlem til legat og testamentstyre

Anne Marie Skurtveit vart vald til medlem.
Anne-Berit Kolås vart valdt til varamedlem.

15. Val av medlem til Trivselskomiteen

Anne Marie Skurtveit vart vald til medlem
Tore Eugen vart vald til medlem
Åshild Aamli var vald til varamedlem

16. Val av representant og vara til styret i Meland Frivilligsentral

Henriette Fennelly vart vald til medlem.
Beate Eknes var vald til vara.

Saker RMF har teke opp på eige initiativ

17. Sagstad skule og Grasdalen skule – informasjon om universell utforming

- Rådet vil anbefale at alle spesialrom vert utstyrt med teleslynge, i tillegg noen klasserom.
- Varselmerking ifht trapper
- Automatiske dørøpnere på alle HC-toalett
- HC-toalett bør ikkje vere sidestilt

RMF må holdes løpende orientert i de ulike faser av utbygging på Sagstad og Grasdalen skule

18. Stoda i pleie og omsorg

Rådet tek orrienteringa tiletterretning.

19. Tilsetjingsforhold for støttekontaktar og avlastarar i Meland kommune

Rådet ber om at Meland kommune vurderer å endre dagens regler for tilsetting av støttekontakter og avlastere.

20. Offentlege toalett i Frekhaug senter

Rådet vert å sende brev til Frekhaug senterforening der dei ber om at det vert offentlege toalett i Frekhaug senter.

21. SFO-tilbod til barn med funksjonsnedsettelser etter 4. klasse

Rådet gjekk gjennom eksisterande vedtekter for SFO i kommunen frå 2011. Rådet fann ein del manglar knytta til barn med funksjonsnedsetting og tilbod 5.-7. klasse.

Kommentarer frå innspel frå RMF vart besvart av skulefagleg rådgjevar Reidun E. Johannessen. RMF tek opplysningane til orientering.

22. Tilsyn med Meland kommune v/ heimetenesta

Rådgjevar for pleie og omsorg Helge Kvam og leiar for heimetenesta Britt Hilde Romarheim orienterte om rapport frå tilsyn med Meland kommune v/ heimetenesta. RMF tar orienteringa til vitande. Rådet ber om å bli orientert når tiltaka er evaluerte.

23. Status Gløde

Daglig leiar Bjørn Arild Herfindal orienterte om status Gløde AS etter fusjonering. RMF tar orienteringa til vitande.

24. Organisering av rådet etter kommunesamanslåinga

Leiar i RMF Radøy tok kontakt med RMF Lindås og Meland med tanke på kva som skjer med organiseringa etter kommunesamanslåinga. Leiar i RMF Meland tek kontakt med Radøy og ber dei sette dato.

25. Ferieturar for ungdom med nedsett funksjonsevne

Rådet vil ha klarlagt kva som skal til for at menneske som treng assistanse kan reise på ferie med tenesteytar. RMF vert å sende spørreskjema til Rådmann. Rådet ber om utfyllande skriv, med svar på spørsmåla knytta til ferieturar for menneske med nedsett funksjonsevne.

26. Tilsettingsforhold og avlastarar i Meland kommune

RMF ber om å bli vidare orientert kva Meland kommune gjer etter høgsterettsdommen av 14.06.16.

Deltaking på kurs og konferanser

27. Korleis arbeide i råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Sekretær for rådet Anette Tangen Fredriksen deltok på kurs i regi av Hordaland Fylkeskommune; korleis jobbe i råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

28. Folkevaldopplæring

To dagars kurs på rådhuset

Ein dags kurs på rådhuset – temadag om plansystemet

Innkalling og sakspapir har vorte sendt den lokale pressa, biblioteka, ordførar og rådmann. Møtebok frå møta vert sendt dei same, samt sekretær for Utval for leverkår og Utval for drift og utvikling .

RMF har hatt møte der tilsette i administrasjonen har orientert om følgjande:

- Rådgjevar Ronny Landaas orienterte om universell utforming på Sagstad og Grasdal skule.
- Plankonsulent Anne Lise Næs Olsen orienterte om oppstart detaljregulering på Mjåtveit.
- Plansakansvarleg Alexander Helle orienterte om utbygging på Rylandshøgda.
- Leiar på sjukeheimen Randi R. Minde orienterte om stoda i pleie og omsorg.
- Rådgjevar plansaker Kjersti Møllerup Subba orienterte om reguleringsplan Holme forretningsområde.
- Leiar for heimetenesta Britt Hilde Romarheim og Rådgjevar Helge Kvam orienterte om «Tilsyn med Meland kommune ved Heimetenesta»
- Rådmann Ingvild Hjelmtveit orienterte om budsjett 2017.
- Ordførar Øyvind H. Oddekavv orienterte om kommunestruktur.
- Leiar for heimetenestene Britt Hilde Romarheim orienterte om ferieturar for ungdom med nedsett funksjonsevne og tilsettingsforholda for støttekontaktar og avlastarar i Meland kommune.

I Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne av 17.06.2005 står det m.a.:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er eit rådgjevande organ for kommunen. Alle dokument skal leggast fram for rådet i god tid før kommunestyret handsamar saker. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha til handsaming alle saker som gjeld levevilkår for menneske med nedsett funksjonsevne.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne sine oppgåver:

I odelstingsproposisjonen vert det nemnd ein del sakstypar som råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha til handsaming. Dette gjeld m.a. økonomiplan og kommuneplan - tiltak og planar i helse- og sosialsektoren - bustadprogram og reguleringsplanar - samferdselssaker og kommunikasjonsplanar - kulturelle og andre kommunale tiltak som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er eit partipolitisk uavhengig råd, som arbeider på tvers av partigrensene.

Rådet skal vere orientert om levevilkåra for menneske med nedsett funksjonsevne i kommunen og følgja med at saker som gjeld menneske med nedsett funksjonsevne sine interesser vert ivaretatt på ein god måte.

*Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at kommunalavdelingane, råd og utval er vakne for kva saker som gjeld "levvilkåra for menneske med nedsett funksjonsevne", slik at rådet får sakene **før** det vert gjort endeleg vedtak.*

Frekhaug 24.02.2017

RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Anne-Berit Kolås
Leiar

Anette Tangen Fredriksen
Sekretær